



Nordfjord Hamn IKS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Endra løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Olden cruisekai for Nordfjord Havn IKS

Statsforvaltaren i Vestland endrar Nordfjord Havn IKS sit løyve til utfylling i sjø ved Olden cruisekai. Føremålet med utfyllinga er å etablere nytt gangveg, lage molo og utviding av kaia.

Endringa består i endra tidspunkt for utføring og auka volum massar som kan fyllast i sjø. For å redusere risiko for negativ påverknad og forureining skal arbeida koordinerast med Noregs Sildesalgslag og siltgardinas funksjon skal overvakast med måling av turbiditet, med alarmgrenser for stans i arbeida. Endring av løyve er gjeve med heimel i forureiningslova § 18.

Vi viser til søknad om endring av løyve datert 17. juni 2026 frå Norconsult på vegne av Nordfjord hamn IKS.

Bakgrunn

Nordfjord Havn IKS utvidar eksisterande cruisekai i Olden, samt etablerer gangveg og ein molo frå cruisekai til Olden sentrum.

Statsforvaltaren ga 21. november 2019 løyve til Nordfjord Havn IKS til anleggsarbeida i sjø og endra løyvet i vedtak datert 15. juni 2020.

Løyvet frå 2020 har følgjande hovudvilkår:

- Utfyllingsvolum: Løyvet tillat utfylling av totalt inntil 45 000 m³ faste massar.
- Tidsrom for utføring: Arbeidet kan starte opp frå 1. oktober, men det skal leggjast til rette for mellombels anleggsstans dersom det kjem innsig av brisling og fisket tek til.
- Skånsam utfyllingsmetode: All utfylling på djupare vatn enn kote -3,0 skal gjerast med gravemaskin frå lekter for å minske spreiding av partiklar.
- Bruk av siltgardin: Det skal nyttast siltgardin som dekkjer heile vassøyla og har feste i botnen under alt utfyllingsarbeid.
- Turbiditetsovervakning: Det er krav om kontinuerleg måling av turbiditet (uklarleik i vatnet) utanfor siltgardina i sanntid. Alarmgrensa er sett til 10 FTU over referanseverdien, og arbeidet skal stansast dersom denne vert overskriden.
- Koordinering med fiskeriinteresser: Utfyllingsarbeidet skal koordinerast med Noregs Sildesalgslag for å unngå konflikt med brislingfisket i område



Anleggsarbeida starta opp i veke 49, 2025 og er no nesten fullført.

Endringssøknaden

Gjenstående utfyllingsområde er mellom pel 0-80 i nordlege del av tiltaksområdet (gul stipla linje, Figur 1). Området har et areal på 2265 m² og det skal fyllast ut med 5 930 m³ steinmassar og anleggstida er berekna til tre veker.

Basert på oppdatert miljørisikovurderinga frå 17. juni 2026 (Norconsult), ønsker tiltakshavar følgjande endringar for dei gjenstående utfyllingsarbeida:

- Gjennomføring utan siltgardin: Det vert foreslått å fullføre dei resterande arbeida utan bruk av siltgardin. Dette er grunngjeve med at erfaringar frå april 2026 viste at siltgardina vert øydelagd av propellvask og manøvrering frå cruiseskip.
- Fjerning av alarmgrenser og stoppkriterium: Sidan arbeidet er planlagt utført utan siltgardin, som er ein føresetnad for dei etablerte alarmgrensene, vert det søkt om å fjerne kravet om alarmgrenser og automatiske stoppkriterium ved turbiditetsmåling.
- Endra føremål med turbiditetsovervaking: Overvakinga av turbiditet skal vidareførast, men no berre for å dokumentere partikkelspreiinga i anleggsperioden, ikkje som eit styringsverktøy for direkte stans.
- Tidsavgrensing for gjenstående arbeid: Arbeidet er planlagt utført i løpet av dei siste tre vekene i oktober, ein periode der sårbarheita for laks er vurdert som låg sidan utvandringa av smolt er ferdig og vaksen fisk har gått opp i elvane.
- Bruk av skånsam utfyllingsmetode: Tiltakshavar legg opp til å bruke gravemaskin frå lekter opp til kote -3, noko som saman med steinmassar med svært lite finstoff (estimert til 1–1,5 %) skal avgrense blakking i sjøen.



Figur 1 Gjenstående utfylling markert med gul stipla strek



Sakshandsaming

Vi vurderer at endring av løyvet til å være av mindre miljømessig betydning, og saka er derfor ikkje førehandsvarsla, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd bokstav b.

Statsforvaltaren si grunngjeving

Rettsleg grunnlag

Statsforvaltaren har heimel til å endre løyver etter forureiningslova i lovas § 18.

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2, som setter krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningslova.

Statsforvaltaren meiner å ha tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak i saka.

Vi vurderer at faren for forureining og risikoen for negativ påverknad er akseptabel med dei endringane som er omsøkte og har konkludert med at endringa kan godkjennast som omsøkt med eit unntak. Vi fjernar ikkje alarmgrense og stoppkriterium for turbiditetsovervakinga.

Erfaringar frå utfyllingsarbeida i april 2026 dokumenterte at siltgardina er svært utsett for skade ved cruiseskipsanløp. Propellvask og bruk av thrustarar under manøvrering førte til at gardina vart blåst på land og fekk redusert funksjon. For dei gjenståande arbeida, som ligg tett opp til skipsanløpa, vurderer vi det som teknisk krevjande og forbunde med stor risiko for nye uønskte hendingar å halde ein siltgardin intakt.

Utfyllingsmassane består av granittisk gneis med ein svært låg del finstoff (estimert til 1–1,5 % av totalmassen). Dette tilseier at potencialet for langtransportert partikkelspreiing og vedvarande blakking i resipienten er avgrensa. Arbeidet skal utførast med gravemaskin frå lekter opp til kote -3, noko som er vurdert som ein skånsam utleggingsmetode samanlikna med dumping.

Det planlagde arbeidet skal utførast i løpet av dei siste tre vekene i oktober. Statsforvaltaren legg vekt på at sårbarheten for anadrom fisk (laks og sjøaure) er vesentleg redusert i denne perioden, då utvandring av laksesmolt er ferdig og vaksen fisk i hovudsak har gått opp i elvane for gyting.

Når det gjeld brislingfiske, viser risikovurderinga at partikkelspreiing til kjente låssettingsplassar er lite sannsynleg på grunn av lokale strømforhold og massane sin karakter. Risikoen for negativ påverknad på fisken vert vurdert som liten og handterbar gjennom den etablerte dialogen med Noregs Sildesalgslag.

Sjølv om kravet om siltgardin vert fjerna for dette spesifikke området, oppretthaldast kravet om kontinuerleg turbiditetsovervåking i anleggsperioden med alarmgrenser. Dette skal sikre dokumentasjon av partikkelspreiing og tene som eit grunnlag for å iverksette avbøtande tiltak i tråd med føre-var-prinsippet dersom det mot formodning skulle oppstå vesentleg høgare turbiditet enn forventa.



Statsforvaltaren vurderer etter dette at den samla miljørisikoen ved å gjennomføre dei resterande arbeida utan siltgardin er akseptabel og ikkje vil medføre vesentlege negative effektar for naturmangfaldet eller fiskeriinteressene i Oldebukta.

Statsforvaltarens vurdering av tiltaket etter naturmangfaldlova og vassforskrifta i vårt vedtak datert 21. november 2019 krev ikkje ny vurdering som følgje av denne endringa.

Vedtak

Statsforvaltaren endrar løyve til anleggsarbeid i sjø knytt til utviding av Olden cruisekai. Endringa er heimla i forureiningslova § 18. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.

Gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. Ut frå Statsforvaltarens tidsbruk i denne saka, tek vi gebyr etter sats 8, 14 100 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Endring og omgjeriing

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningstilhøva endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Rett til å klage

De har fått endra løyve til utfylling. Dersom det likevel skulle være noko de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyr, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har motteke dette brevet. Klagen bør vere skriftleg grunngjeven, og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Hedda Vik Askeland
rådgjevar

Magne Nesse
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Løyve med vilkår

Kopi med vedlegg:
Fiskeridirektoratet region Vest
Norconsult
Noregs Sildesalgslag
Stryn kommune



Endra løyve til utfylling i sjø ved Olden cruisekai i Stryn kommune for Nordfjord Havn IKS

Statsforvaltaren endrar Nordfjord Havn IKS sitt løyve med heimel i forureiningslova § 18. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i opprinneleg søknad datert 16. oktober 2019 og søknad om endring datert 29. april 2020 [og 17. juni 2026](#). Løyvet gjeld frå dags dato. [Endringer er markert med blå skrift.](#)

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende beskjed til Statsforvalteren. Statsforvalteren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Statsforvalterens referanse

Løyvenummer	Anleggsnummer utfyllingslokalitetar
2019.1066.T	1449.0082.01 (gangveg) 1449.0083.01 (kaiutviding)

Bedriftsdata

Bedrift	Nordfjord Havn IKS
Postadresse	Postboks 104, 6701 Måløy
Kommune og fylke	Stryn, Sogn & Fjordane
Org.nummer/ eigd av	974 745305 / 884 276012

Løyve gjeven: 21. november 2019	Løyve sist endra: 1. august 2026
Hedda Vik Askeland rådgjevar	Magne Nesse senioringeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift</i>	

Endringslogg

Endringsnummer	Endringer av	Punkt	Beskrivelse
1	15.06.2020	1.1, 4.1, 4.4	Auka volum, krav til turbiditetsmåling og endra tid for utfylling
2	01.08.2026	4.3	Resten av utfyllinga kan skje utan bruk av siltgardin

1. Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet gjeld utdjuving ved sprenging av inntil 45 000 m³ faste massar på Olden cruisekai. Massane skal nyttast til utfylling i sjø for å utvide eksisterande cruisekai samt etablere gangveg og molo. Dette løyvet kan ikkje nyttast før Stryn kommune har godkjend tiltaket etter plan- og bygningslova.

2. Generelle vilkår

2.1 Grunnlag for løyvet

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 16. oktober 2019 og søknad om endring datert 29. april 2020, med mindre anna er avtalt med Statsforvaltaren. Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet vert sett i gong.

2.2 Ansvar

Nordfjord Havn IKS er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert haldne, og pliktar å sørge for at dei som skal gjennomføre tiltaka er kjent med dei vilkår som gjeld.

2.3 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.4 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakseigar må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

3. Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid transporterer og dumper eller på anna måte handterer massar, har internkontrollsystem i tråd med vilkår 3.1.

3.2 Beredskapsplan

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar, i flg. planen, kan oppstå.

3.2 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining (nødnummer 110).

Verksemda skal også, så snart som mogeleg, varsle Statsforvalteren i slike tilfelle på fmv/post@Statsforvalteren.no

4. Utfylling/dumping i sjø

4.1 Reglar for utføring av arbeida i perioden for mogleg brislingfiske (oktober, november og desember)

Vurdering av om det kan bli naudsynt med midlertidig stans i arbeida vil Statsforvalteren overlate til Nordfjord Hamn IKS og Norges Sildesalgslag å avgjere i fellesskap. Det er mange usikre faktorar her så ei form for detaljert styring frå Statsforvalteren kan verke mot si hensikt. Det må opprettast dialog og ein avtale med Norges Sildesalgslag for korleis samspel mellom fiskeriinteresser og anleggsarbeidet skal handterast. Ved eventuell ueinigheit kan Statsforvalteren ta ei avgjerd.

4.2 Kontroll av massar før utfylling

Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt ut i sjøen. Massane sitt innhald av skytestreng og anna plast frå skyting, type skytestreng (elektronisk eller non-el), innhald av finstoff og anna potensiell forureining i massane skal også inngå i kontrollen.

Det skal nyttast mest mogeleg reine steinmassar til utfylling. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Det skal utarbeidast rutine for oppsamling av skyteleidningar, plastavfall m.m. som hamnar i sjøen.

4.3 Utfylling bak siltgardin

Utfylling av stein skal utførast så skånsamt som mogeleg for å redusere partikkelspreiing. I følge søknad skal utfylling skje med bruk av gravemaskin frå lekter.

Tiltaka skal gjennomførast innafor det arealet som er vist i søknaden.

Det skal nyttast siltgardin utanfor utdjuingsområdet. Siltgardina skal dekke heile vassøyla og ha feste i botn. Planlegging, montering og oppfølging av siltgardin skal skje etter rettleiing gjeve i Statens vegvesens fagrapport¹ nr. 205. Det skal førast jamleg kontroll med at siltgardina fungerer etter hensikta.

Siste del av utfyllinga ca. 5 900 m³ (pel 0 – 80) med opstart oktober 2026 kan utførast utan bruk av siltgardin.

Dersom det oppstår unormale forhold som har eller kan få forureiningsmessige konsekvensar, skal tiltakshavar straks melde frå til Statsforvalteren.

¹ "Siltgardiner. Funksjon, tilpassing og oppfølging." Statens vegvesen rapport nr. 205, 7. mars 2013.

4.4 Turbiditetsmålinger, alarmgrenser, stans i arbeida

Turbiditetsmålinger skal planleggast og utføres i samsvar med standard NS-EN ISO 7027-1 *Bestemmelse av turbiditet*.

Turbiditet skal målast kontinuerleg. Målingane skal skje på djupne og i avstand frå siltgardin, der det er forventa størst spreiding av partiklar. Turbiditeten skal målast så lenge utfylling pågår.

Ein referanseverdi for turbiditet skal etablerast, enten fastsett på førehand ved målingar eller med en referansestasjon der det vert tatt målingar ved faste intervall under anleggsperioden. Dokumentasjon av referanseverdi skal beskrivast i kontroll- og overvåkingsplan.

- Alarmgrense for turbiditet er 10 FNU + referanseverdi.

Tid mellom kvar avlesing skal ikkje vere over 10 minutt. Overskriding av alarmgrense utover ein periode på 30 minutt skal medføre at arbeida vert stansa, årsaksforholda avklart og nødvendige avbøtande tiltak vert gjennomført. Dersom overskriding skjer på grunn av anleggsarbeidet, kan ikkje arbeid starte opp at før turbiditeten er nede på stabile nivå under alarmgrensene.

Alle relevante ledd i prosjektorganisasjonen skal kjenne alarmgrensene og kva aksjoner som skal utføres ved overskriding, jf. vilkår 3.1 om internkontroll.

Kunnskap og informasjon tilegnet i prosjektet skal brukast for justering av måleprogrammet. Dersom observasjonar og målingar viser at ein måler ikkje er plassert på egna sted eller djupne, skal måleran flyttast.

5 . Avfall

Verksemda plikter, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert avfall som følgje av tiltaket. Særleg skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet reduserast mest mogeleg.

Verksemda plikter å sørgje for at alt avfall, også farleg avfall, vert handtert i samsvar med gjeldande regler for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, spesielt avfallsforskrifta. Siltgardina skal etter bruk leverast til godkjent mottak.

6. Sluttrapport og tilsyn

6.1 Sluttrapport

Nordfjord Havn IKS skal sende rapport til Statsforvalteren innan åtte veker etter at tiltaket er gjennomført. Rapporten skal innehalde:

- Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har blitt utfylt (i m³ eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som vart sett i verk.

6.2 Tilsyn

Tiltakseigar plikter å la representantar frå Statsforvalteren føre tilsyn med anlegget når som helst.